

Uttale til Helse Vest om NOU 2015:11 «Med åpne kort»

Rapporten har gått til uttale både til Pasienttryggingutvalet og til Kvalitetsutvalet i Helse Førde. I all hovudsak støttar Kvalitetsutvalet Pasienttryggingutvalet sin uttale. Der det er avvik mellom desse, er det kommentert.

Til NOU 2015:11 generelt:

Pasienttryggingutvalet (PTU) vurderer at dersom alle tiltak i NOU 2015:11 vert gjennomført utan tilføring av ekstra midlar, vil dette gå ut over kjerneverksemda, dvs. mindre ressursar i sjukehusa til pasientbehandling.

PTU meiner at samla ressursbruk må kartleggast ved alle tiltak før dei blir sett i verk.

Før tiltaka blir innført, må ein vere trygg på at tiltaka fører til betre kvalitet i helsetenesta.

Om dei konkrete tiltaka:

1. Om lovfesting av møter innan eit døgn: Det bør vere tilbod om møter, men at dette treng vere lovfesta, er PTU usamde i. PTU meiner at det er betre for alle partar om det ikkje er så kort frist på å ha møte. Dersom ein skal ha møte innan eit døgn, blir det møte med dei som er på vakt, og gjerne dei som har vore involvert i hendinga. T.d. i helgar kan dette vere svært vanskeleg å få til med marginal bemanning. Dersom ein kan vente litt, kan pasient/pårørande få møte med leiinga i avdelinga. Då har det vore litt tid til utgreiing av saka, og tilsette som ikkje er personleg involvert og engasjert kan sjå nøytralt og gjerne meir sakleg på hendinga.
2. Om regionale tilsyn: PTU meiner at funksjonen bør ligge til fylkesmennene i fylka, og at fylkesmennene samordnar seg imellom kva funksjon som bør ligge kvar.
3. Om lovbrotsgebyr når ein ikkje har varsla om alvorleg hending: PTU stiller spørsmål ved dette då alvorsgraden i ein del saker ikkje blir klarlagt før lang tid i etterkant.
4. Om undersøkelseskomisjon: PTU ønskjer ikkje dette. KU tok ikkje standpunkt, då dette bør vurderast opp mot kva rolle ein undersøkingskomisjon bør ha.
5. Om meldeplikt for kommunar: Ja, dette er nødvendig.
6. Om pasientar/pårørande skal få rett til å melde og varsle hendingar: Ja, det er bra at dei får høve til.
7. Om politiet skal rutinemessig underrette pårørande ved dødsfall: Nei, helsetenesta tek seg av dette.